



Lindås, Meland og Radøy barnevernteneste  
Kvassnesvegen 27  
5914 Isdalstø

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tor G. Turøy, 55 57 22 22

LINDÅS, MELAND OG RADØY Barnevern	
25 APR 2019	
Saknr. 14/2010	Dr. W. nr.
Saksbeh. SIFR	Grad

## Statleg tilskot for 2019 til ei stilling i den interkommunale barnevernstenesta

Vi viser til Lindås, Meland og Radøy barnevernsteneste si oversending per e-post 23. april 2019 av rekneskapoversikt og revisjonsrapport for bruken av det statlege tilskotet for 2018 til ei stilling i den interkommunale barnevernstenesta. Dette er ei stilling som Lindås kommune oppretta med statlege midlar i 2013.

I 2018 hadde Lindås kommune til rådvelde i alt 735 437 kroner i øymerka statleg tilskot til å finansiere vidareføring av stillinga, sjå tildelingsbrevet vårt av 27. mars 2018. Vi har då rekna med overførte tilskotsmidlar frå 2017. I tildelingsbrevet står det blant anna at tilskotsmidlar som ikkje vert brukt i 2018 kan overførast til 2019, og at eit eventuelt tilskot i 2019 vil bli redusert med eit tilsvarende beløp.

Statsautorisert revisor Bjarne Ryland ved Deloitte as reviderte rekneskapen den 12. april 2019. I revisjonsrapporten står det at Lindås, Meland og Radøy barnevernsteneste i 2018 brukte i alt 577 830 kroner på løn og lønsrelaterte utgifter til den aktuelle stillinga. Vi legg etter dette til grunn at Lindås, Meland og Radøy barnevernsteneste i 2018 nytta 577 830 kroner av dei statlege tilskotsmidlane på 735 437 kroner, og at 157 607 kroner er overført til 2019.

Ordninga med styrkingsmidlar til barnevernet over statsbudsjettet kapittel 854 post 60 er ført vidare i 2019. Til ei heil stilling kan ein få inntil 756 027 kroner i statstilskot. Etter fråtrekk for dei pengane som er overført til 2019 av fjorårets løyving, får Lindås, Meland og Radøy barnevernsteneste med dette tilsegn om **598 420 kroner** i statleg tilskot for 2019 til å finansiere ei stilling som Lindås kommune oppretta i 2013. Lindås, Meland og Radøy barnevernsteneste disponerer såleis inntil 756 027 kroner i statlege tilskotsmidlar i 2019 til denne stillinga, når vi reknar med dei pengane som er overførte frå 2018.

Tilskotet vil bli utbetalt når vi har mottatt vedlagde stadfesting i underskriven stand.

Det er ein føresetnad at Lindås, Meland og Radøy barnevernsteneste ikkje reduserer stillingane i det interkommunale barnevernet til eit lågare nivå enn 2013, som er det året Lindås kommune fekk statleg tilskot til å opprette stillinga.

Tilskotet skal nyttast til løn og lønsrelaterte utgifter, som inkluderer overtidsgodtgjering, kompensasjon for ubekvem arbeidstid, feriepengar, arbeidsgjevaravgift, pensjonsdel og eventuelle andre sosiale utgifter. Tilskotet dekkjer ikkje overhead/administrasjonsutgifter, telefonutgifter, kontorutgifter, utgifter til kurs og opplæring, reiseutgifter, godtgjering for bruk av eigen bil og innkjøp av konsulenttenester eller rettleiingstenester.



Tilskotet skal i utgangspunktet nyttast i 2019. Tilskotsmidlar som ikkje vert brukte i år kan likevel overførast til neste år, og i tilfelle vil ei eventuell statleg løyving neste år bli tilsvarande redusert.

Lindås, Meland og Radøy kommunar vert frå komande årsskifte slegne saman til Alver kommune. Alver kommune skal sende ein enkel rekneskapsrapport for bruken av tilskotet for 2019 til Fylkesmannen i Vestland innan 1. mars 2020. Det er berre løn og lønsrelaterte utgifter som skal inngå i rapporten, og rekneskapen skal berre omfatte stillingar som er finansiert med statleg tilskot. *Det er ikkje krav om revisoruttale for rekneskapen som gjeld tilskotet for 2019.*

I medhald av statens løyvingreglement har Fylkesmannen og Riksrevisjonen rett til å kontrollere at tilskotet vert nytta etter føresetnadene. Lindås, Meland og Radøy barnevernsteneste/Alver kommune må difor setje opp rekneskapen på ein slik måte at lønsutgiftene til dei stillingane som er finansiert med statleg tilskot kjem fram. Dersom tilskotet ikkje vert nytta etter føresetnadene, skal pengane tilbakebetalast til statskassa.

Vi ber om at referansenummeret vårt, 2019/3648, vert påført framtidig korrespondanse som gjeld tilskotet for 2019.

Med helsing

Øystein B. Jacobsen  
seksjonsleiar

Tor G. Turøy  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 Isdalstø



Stadfestinga kan sendast i utfylt stand til Fylkesmannen i Vestland på organisasjonsnummer: 974760665

Eventuelt per e-post til [fmvlpost@fylkesmannen.no](mailto:fmvlpost@fylkesmannen.no) eller per brevpost til:

Fylkesmannen i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

*Fylkesmannens referanse: 2019/3648*

## STADFESTING

Kommunens organisasjonsnummer: *954748634*  
.....

Kommunens bankkontonummer: *3636 07 00776*  
.....

Namn, postadresse og telefonnummer ansvarleg leiar for den barnevernstenesta, eventuelt økonomiansvarleg:

*Sissel Mary Frøtjold  
Kvassnesvegen 27  
5914 ISDALSTØ*

Lindås, Meland og Radøy barnevernsteneste har fått tilsegn om statleg tilskot på **598 420 kroner** for budsjettåret 2019 til lønsutgifter og lønsrelaterte utgifter for ei stilling som Lindås kommune oppretta med statlege midlar i 2013. Lindås kommune/Lindås, Meland og Radøy barnevernsteneste stadfester med dette å ha lese og godtatt vilkåra som er sett i Fylkesmannens brev av 24. april 2019.

*Kvernli* ..... *25.4.2019*  
stad ..... dato

*Sissel Mary Frøtjold*  
.....  
ansvarleg leiar

Stadfestinga skal underteiknast av rådmannen eller den som har fullmakt frå rådmannen

